

Frå Gunnhild Grindheim, Bømlavegen 329  
5437 Finnås

Til Fylkesstyret i Hordaland  
ang. «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»

Innhaldet i planen viser stor interesse for jordbruket i Hordaland.  
Dette innspelet sender eg som tilhøyrande «andre interesserte.»

Eg er oppteken av kva som er eit sunt kosthald.  
Den nye kommuneplanen i Bømlo set Folkehelse som eit overordna mål. Då er matproduksjon viktig.

For å oppnå god helse, må kjøt-forbruket ned. Mjølke og mjølkeprodukt er heller ikkje berre bra for helse.

Planen gjev inntrykk av at det er kjøt- og mjølkeproduksjon som mest lønsam for bøndene i Hordaland.

Det står lite i planen om grønnsak-dyrking. På side 16 står det at dette var noko ein dreiv med «før»? Sett frå eit kosthalds-synspunkt er grønnsakene betre for helse enn kjøt og mjølkeprodukt. Korleis skal ein få til eit lønsamt jordbruk med dyrking av grønnsaker, frukt og bær utan å øydeleggja jorda med tunge maskinar, kunstig gjødsling og store mengder sprøytemidlar som inneheld gift? Også kjøt- og mjølkeproduksjonen kunne vel med fordel bli mein økobasert. Vi får alt no både kjøt, mjølk, ost og egg som er økologiske. Øko-jordbruk må løna seg. Det krev fleire folk i arbeid i jordbruket. Det er då eit spørsmål om å snu situasjonen slik at det går an å leva av økologisk jordbruk. Kanskje det kan bli færre på uføretrygd, og ikkje fullt så mange i byråkratiet.

No er det sånn at det må satsast på store fjøs som er drivne nærmast automatisk. Bøndene må låna store summar for å finansiera dette, og det er færre folk til å ta seg av dyra. Kan henda at desse bilete frå fjøs der dyra er vanskjøtta og døyande, heng saman med at bonden er åleine om stellet og ikkje orkar meir?

Stod det noko i planen om kylling og svin? Dei lever stort sett berre av for dyrka i andre land; vi har overproduksjon av svinekjøt, kyllingar står tett i tett i svære hallar og blir omtalte som «frittgåande», og et kraftfor til dei er slakteklare.

Er dette den beste måten å produsera mat på?

Alt dette angår landbruket; kan det vera eit forbedrings-potensiale her?

Landbruksdepartementet har styrt dette sidan Gunhild Øyangen frå Ap starta dette for bortimot 40 år sidan. Dei 2 siste ministrane sitt syn er større (og større?) einingar og meir kjøt. Her i Norge et me svinekjøt og drikk alkohol, sa S. Listhaug.

Er det slik me vil ha det?

Bømlo, 16.04.2018